

Opphavet til ordet juksa

Eli Ellingsve skriv interessant om nemninga juksa i KYSTEN nr. 2 i 2015. Eg har lyst til å føye til nokre moment. Ellingsve nemner at ordet *djúpshofn* i ei islandsk bispesoge skriven mellom 1200 og 1350 blir rekna som ei tidleg form av juksa, men at somme har tenkt seg andre opphavsformer til juksa, mellom anna *djúpsókn, der sókn ville vera «krok, dregg». Etter mitt syn må vi halde fast på at *hofn* er opphavsforma, for berre den er heimla i gammalnorsk, og endå så stor skilnad det er på *djúpshofn* og juksa, så har vi mange mellomformer, og til alle overgangsstega har vi parallellar i andre ord.

Vi kan ta til fremst i ordet og jobbe oss bakover. At d-en er borte, er slik vi skal vente, sidan d allment fell bort i uttalen av adjektivet djup og inkjekjønnsordet djup. Når det gjeld konsonantgruppa -ks-, så hadde eldre former av juksa på Nord-Vestlandet uttalen -ps-, altså som i *djúpshofn*. Overgangen ps > ks er ein nordleg variant som finst sporadisk i nokre ord, som kvaks av kveps«insekt» i Trøndelag og det allment nordafjel-

ske hokjønnsordet glekse «revesaks», som heng i hop med verbet glefse. At juksa blir uttala med vanleg u, ikkje o som i bukse og verbet jukse, høver med at det opphavleg ikkje var juks-, men (d)júps-. Endinga -a i juksa er etter alt å døme ei nedsliten form, ei forkorting av -ongn, på linje med Komsa for Kongshamn i Alta. Mange stader er det så seint som i manns minne at kortforma er komen inn, medan det før heitte slikt som juksongn, juksong og juksòn (der o / ò er ein skrivemåte for å-uttale) – eller jupsogn o.l. på Nord-Vestlandet. At h-en i *-hofn* har falle bort, er som vi skal vente, for h fell lett bort midt inne i ord, særleg i konsonantgruppe (jf. til dømes uttalen av flosshatt). Overgangen frå -(h)ofn til -ongn kan setjast i samband med den nordafjelske og til dels austlandske overgangen vi ser i *raun (uttala *roun, *rown) > rogn «treslag» (seinare spreidd til mesteparten av landet; i dei fleste dialektar uttala rongn), baun > bongn «bønne», Skaun > Skogn (i Nord-Trøndelag, uttala skøngn). Det føreset då at fn, som i utgangspunktet vart uttala /vn/, hadde fått uttalen /

wn/ i dette samansette ordet, og det er ikkje problematisk i eit svært «samangrodd» (sterkt leksikalisert) ord som dette. Då vil lepperundinga ein har når ein uttalar o lett smitte over på neste konsonant, slik at /vn/ vart /wn/.

Kva var så den bokstavlege tydinga til juksa / juksongn / djúpshofn frå fyrst av? Førleddet er (genitiv av) det inkjekjønnsordet (hav)djupe som vi har framleis, og etterleddet står i samband med verbet heve, gammalnorsk hefja. Djúpshofn blir då 'djupheveren', «hevaren frå djupet». Dette høver, for juksa er nettopp snøretypen ein brukar når ein ligg i ro over ein grunne (ute på djupet) og vil dra fisk rett opp frå den. Dette inneber at *djúpshofn* er laga i kontrast til den andre snøretypen vi har frå gammalt av, nemleg den ein dreg etter seg når ein ror og som ofte sleper like under yta. Den heiter dorg f., som står i samband med verbet dra(ga).

Vidare lesing, med kjelder og andre tilvisingar: Eldar Heide 2004: «Djúpshofn, (d)juksogn, juksa». Håløygminne. 367-71. Ligg på www.eldar-heide.net/ -> Språk. |